



**UTBYGGINGSPLAN FOR LID HYTTEFELT, DEL AV GNR 104 BNR 4**

**FØRESEGNER**

§ 1  
Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2  
Området er regulert til følgende formål:  
Byggeområde  
Område for jord- og skogbruk  
Spesialområde ( veg og parkeringsplassar)

§ 3 BYGGEOMRÅDE

HYTTER/ FRITIDSBYGG

a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hyteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.  
b) Frittliggende hytter skal ikkje ha meir enn 100 m<sup>2</sup> BYA (bygd areal).  
Bygningane skal ha saltak, gesimshøgde maks. 3 m. mænehøgde maks. 5,5 m. over terreng.  
Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphøveleg terreng.  
Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledding og naturvenlege, mørke fargar.  
Latta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 24 - 32 grader og tekkast med torv.  
c) Med byggeskildnad skal det liggja situasjonsplan i målt 1:500 som syner:  
Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a  
d) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr.104 bnr.4.  
e) Mellom eventuelle verandapillarar skal det gjerast mot beitedyr.  
f) Det er ikkje tillette med gjerde eller faggstenger.

§ 4 JORD- OG SKOGBRUK  
Område regulert til jord- og skogbruk, skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift.  
Det kan etablerast stigar og skiløyper i området i samråd med grunneigar.

§ 5 SPESIALOMRÅDE  
a) Opparbeidd privat veg, grusveg, breidde 3,5m, skal nyttast som tilkomstveg til hytter og parkeringsplassar, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver.  
Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.  
Det skal opparbeidast parkeringsareal med plass til 2 bilar for kvar hytte sommar og vinter.

§ 6 VATN OG AVLAUP  
Fritidsbustader skal ha låg sanitær standard. Det skal nyttast biодо.  
Fritidsbustadane kan ikkje ha innlagt vatn.  
Det vil bli etablert eit tal vasspostar i området som hyttene skal hente vatn frå.

§ 7 RENOVASJON  
Hushaldsavfall vert teke hand om av kommunen gjennom tvungen renovasjonsordning.  
Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen eller renovatar.

§ 8 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L.  
Alle typar kablar skal leggst i grøfter.

§ 9 DISPENSASJON  
Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillette mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

§ 10 PRIVATRETTSLEGE AVTALER  
Etter at planen med tilhørende føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.

**TEIKNFORKLARING**  
**PLAN- OG BYGNINGSLOVA §25, REGULERINGSFORMÅL**

<b>BYGGEOMRÅDE (§ 25, nr 1)</b>	<b>SPESIALOMRÅDE (§25, nr 6)</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>Fritidsbusetnad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Privat veg og parkering</li> </ul>
<b>LANDBRUKSOMRÅDE (§ 25, nr 2)</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>Jord/skog</li> </ul>	

Veide Kommune  
 REGULERINGSPLANUTVALET  
 Dato 16.08.06  
 PL - Notk 06/71

**STREKSMBOL M.V.**

<ul style="list-style-type: none"> <li>Nye hytter</li> <li>Avgrensing av planen</li> <li>Grense for reguleringsformål</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eksisterande hytter</li> <li>Eigedomsgrænse</li> <li>Bekk</li> </ul>
--	---

Kartgrunnlag: Økonomisk kartverk  
 Koordinatsystem: NGO Akse II  
 Elkvdistanse: 5 meter  
 Målestokk: 1 : 2000

<b>UTBYGGINGSPLAN MED FØRESEGNER FOR:</b>		KARTBLAD:	
<b>DEL AV LID, GNR 104 BNR 4</b>			
REVISJONAR	DATO	SIGN.	REVISJONAR
<b>SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA</b>		DATO	SIGN.
KUNNGJERING VEDR. REG. ARBEIDET		28.10.05	BH
1. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN		22.10.06	
UTLEGGJING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRØMET		15.05.06	230606
2. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN		16.09.06	
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN			
3. GONGS HANDSAMING I KOMMUNEN			
KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK			
STADFESTA AV:			
PLANEN ER UTARBEIDD AV:		DATO	TEIKNR
HM RIT AS		20.02.06	BH/MK
Gamleveg 55			
3800 BØ			
			SAKSHAND.

Kartmålestokk 1:2000

